

Retningsliner for den praktiske delen av svenneprøva

BUNADTILVERKARFAGET

Oslo, februar 1999
Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

Innhald

Kapittel I	1
Generell informasjon.....	1
Kapittel II.....	2
Prøvenemnda sitt arbeid.....	2
Kapittel III	4
Gjennomføring av fag- og svenneprøva.....	4
Planleggingsdel	4
Gjennomføringsdel	4
Dokumentasjons- og vurderingsdel.....	5
Kapittel IV	6
Vurdering	6

Kapittel I

Generell informasjon

Desse retningslinene skal leggjast til grunn for organisering, gjennomføring og vurdering av fag- og svenneprøve i bunadtilverkarfaget.

Fag- og svenneprøva skal vere ei individuell prøve med likt omfang og lik vanskegrad for lærlingar, §20-kandidatar og elevar som har fått opplæring i skule (VKII).

Fag- og svenneprøva skal normalt gjennomførast i den verksemda som kandidaten har hovudvekta av opplæringa/praksisen frå. Dersom kandidaten har hatt opplæring/praksis i fleire verksemder, skal prøven avleggjast i den verksemda der kandidaten kan få syna størst mogleg del av fagleg breidde og heilskapleg kompetanse i høve til måla i læreplanen.

Etter råd frå prøvenemnda kan yrkesopplæringsnemnda leggja prøvegjennomføringa til ein prøvestasjon. Ved avlegging av prøve for andre gong, kan yrkesopplæringsnemnda avgjera om prøva skal gjennomførast ein annan stad enn i læreverksemda.

Fag- og svenneprøva er ei prøve der kandidaten planlegg eit arbeid, vel metodar, utfører, kontrollerer og dokumenterer arbeidet og grungjev dei val som er gjorde. Fag- og svenneprøva vil med dette innehalda tre delar:

- ein planleggingsdel
- ein gjennomføringsdel
- ein dokumentasjons- og vurderingsdel

Kandidaten si planlegging, gjennomføring og dokumentasjon av prøvearbeidet skal vera gjenstand for vurdering i samsvar med føresegrn av 26.06.95 nr. 676 om eksamen, fag-/svenneprøve, vurdering, dokumentasjon og klage over karakter og prøvevurdering i vidaregåande opplæring.

Prøvenemnda skal sjå til at kandidaten er kjend med retningslinene for svenneprøva.

Kapittel II

Prøvenemnda sitt arbeid

Dersom prøva vert avvikla i læreverksemda, må innhaldet i prøva tilpassast arbeidsområdet for verksemda.

Prøvenemnda har ansvar for utforming av oppgåva til fag- og svenneprøven, jf vurderingsføresegna § 5-3. Oppgåva skal utformast med bakgrunn i læreplanmåla for opplæring i verksemd i bunadtilverkarfaget. Oppgåva må utformast slik at ho gjev kandidaten eit reelt høve til å utføra eit kvalitetsmessig godt arbeid innan ei fast tidsrāme.

Før prøva tek til, skal prøvenemnda utarbeida haldepunkt som skal leggjast til grunn for vurdering av kandidaten sitt arbeid i dei tre prøvedelane. Vurderingsføreskrifta og den aktuelle oppgåva skal liggja til grunn for haldepunkta.

Alle mål i læreplan for opplæring i verksemd for bunadtilverkarfaget kan vera gjenstand for prøving.

Oppgåva skal utformast slik at fleire mål vert vurderte og at alle kandidatar får høve til å syna kva dei kan. Oppgåva må difor innehalde element med ulike vanskegradar.

Kandidaten skal ikkje kunna vita på førehand kva for mål i læreplanen, eller kva for konkrete arbeidsoppgåver han/ho skal prøvast i.

Prøvenemnda skal sjå til at svenneprøva inneheld element frå alle modulane i læreplanen

Prøva skal innehalda minst fylgjande sentrale element:

- drakthistorie/kunsthistorie
- draktskikk/bruk
- materialar og teknikkar
- framgangsmåte/metode
- saumutføring
- handsaming av stoffoverflata
- økonomi

Dei hjelpe midla som kandidaten har nytta i læretida, skal kunna brukast under prøva.

Prøvenemnda skal sjå til at prøvestaden er tilrettelagt for avlegging av prøva med omsyn til:

- utstyr
- ljós
- materialar
- rom

Fag- og svenneprøva skal normalt gjennomførast innan ei maksimal tidsråde på 8 dagar.
Planlegging og dokumentasjon kjem innanfor denne tidsråma.

Kapittel III

Gjennomføring av fag- og svenneprøva

Prøvenemnda skal vera samla ved prøvestart og prøveslutt.

Dersom prøvenemnda ikkje kan føra tilsyn under heile prøva, kan tilsynet delegerast til ein annan person. Den som skal føre tilsyn, må akseptera dette skriftleg. Prøvenemnda kan ikkje delegera vurderingsansvaret av kandidaten til tilsynspersonen. Prøvenemnda vurderer sjølv i kva delar av prøveavviklinga det er naudsynt med inspeksjon/vurdering undervegs.

Når prøva tek til, skal prøvenemnda orientera kandidaten om korleis prøva skal gjennomførast.

Prøvenemnda har ansvaret for at prøva vert gjennomført i samsvar med retningslinene. Prøvenemnda skal levera ut oppgåvetekst med eventuelle vedlegg. Det utleverte materialet skal definera innhald og omfang av prøva samt presisera tidsråma for heile oppgåva. Kandidaten skal sjølv avgjera tidsbruken for kvar av dei tre prøvedelane.

Planleggingsdel

Planleggingsdelen skal innehalda følgjande element:

- vurdering og analyse av oppgåva
- framdriftsplan for arbeidet med tidsdisposisjon og arbeidsoppgåve(r)
- skisse og arbeidsteikning
- måltaking
- utarbeiding av mønster
- farge og materialval
- klyppoplan/klypping
- val av produksjonsutstyr
- kostnadsutrekning

Prøvenemnda skal motta kandidaten sin framdriftsplan før gjennomføringa

Gjennomføringsdel

Kandidaten skal utføra det planlagte arbeidet innanfor tidsråma.

Medlemane i prøvenemnda skal observera og sjå til at arbeidet vert dokumentert i høve til vurderingskriteria, som er utarbeidde for den aktuelle prøva.

Dokumentasjons- og vurderingsdel

Dokumentasjonsdelen skal omfatta kandidaten si oppsummering, ei kort eigenvurdering og ein presentasjon av prøvearbeidet.

Vurderingsdelen omfattar ei munnleg rapportering til ei samla prøvenemnd der kandidaten skal dokumentera dei val som ligg til grunn for arbeidet.

Kapittel IV

Vurdering

Alle tre delane av fag- og svenneprøva skal vurderast i samsvar med føresegn av 26.06.95 nr. 676 om eksamen, fag-/svenneprøve, vurdering, dokumentasjon og klage over karakter og prøvevurdering i vidaregåande opplæring (Rundskriv F-6-96).

Prøvenemnda skal vurdera kandidaten sin dokumentasjon/rapport og gjennomføre ei samtale med kandidaten der ho/han klargjer og grunngjev forhold ved arbeidet.

Dersom prøvenemnda finn det naudsynt, kan nemnda stille spørsmål for å avklara i kva grad kandidaten har forståing for faget, og i kva grad ho/han kan setja faget inn i ein breiare samanheng.

Prøvenemnda skal føra protokoll der alle sidene ved prøveavlegginga vert dokumentert, om naudsynt ved bruk av foto og/eller video. Prøveprotokollen må vera så utfyllande at han kan vera grunnlag for klagenemnda si handsaming i samband med ei eventuell klage. Foto og/eller video produsert av prøvenemnda, skal leggjast ved som dokumentasjon i klagesaker.

Prøvenemnda skal straks etter at karakteren er fastsett, underteikna prøvekontrollen og levera denne til yrkesopplæringsnemnda saman med prøvetekst, vurderingskriteria og dokumentasjon av kandidaten sitt arbeid. Prøvenemnda kan gje kandidaten ei uformell, munnleg melding om resultatet.

Yrkesopplæringsnemnda skal melda frå skriftleg om prøveresultatet til kandidaten og læreverksemda.

Klagefrist vert rekna frå tidspunktet for den formelle meldinga frå yrkesopplæringsnemnda.